



## Notat

Dato: 29.07.2014  
Arkivsak: 2014/2-42  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### **Avslutning av tilsyn frå NOKUT ved Austevoll maritime fagskule**

NOKUT melder i brev av 28.04.2014 at tilsynet med skipsoffiserutdanninga ved Austevoll maritime fagskule er avslutta. NOKUT skriv i brevet at det manglar føresegn om innpassering og fritak i studentreglementet. Føresegn om innpassering og fritak vart vedtatt i styremøte 12.09.2013, sak 16/13 under § 17, men på grunn av ein feil vart dette fjerna ved eit seinare høve. Sekretariatet for fagskulestyret har retta opp feilen i studentreglementet og svart NOKUT innan fristen 15. august 2014. Sjå vedlagt brev frå NOKUT om meir informasjon om avslutning av tilsynet.

Sekretariatet for fagskulestyret har også sendt inn oppdatert kvalitetssystem til NOKUT av di det er ein del endringar etter ny organisering av Fagskolane i Hordaland.